



Adressat

Varsel om oppstart av planarbeid i Vega kommune: PlanID 1815312024, utleigehytter på Sundsvoll

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, varslar vi oppstart av arbeidet å regulere areal for utleigehytter og bubilparkering på Sundsvoll. 3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av Ravnfloget Base Camp Vega AS som er tiltakshavar. Førrels planareal er på om lag 32 000 m², og plassering og utstrekninga er vist på figurane under.



Planområdet nord/vest på Vega



Utsrekning av planområdet på Sundsvollen

Planarealet er vist som fritidsbustader (H35 og H44) i gjeldande kommuneplan for Vega, og forslagstillar og kommunen er enige om at planen ikkje utløyser krav om KU eller planprogram.

Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar, grunneigarar på naboeigedomar og relevante lag/foreiningar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i Brønnøysund Avis og på Vega kommune si heimeside. På kommunen si heimeside (<https://www.vega.kommune.no/horinger/>) finn du også kopi av planinitiativ med ytterlegare informasjon om planen. I tillegg ligg det kopi av adresselister og referat frå oppstartmøtet på kommunen si heimeside. Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no. **Frist for å kome med innspel til arbeidet med planen er 15. mars 2024.**

Valsøybotn, 20. februar 2024

Med venleg helsing,

Åse Bergset

Åse Bergset
3Dsmia